

Jan Rune Fjellsende
Sæbøvegen 436
5938 SÆBØVÅGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/3130 - 22/88073

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
18.11.2022

Godkjent endring av trasé i samband med løyve av 16.03.2020 til bygging av landbruksveg - gbnr. 490/ 1 og 3.

Administrativt vedtak: Saknr: 1307/22

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og bygging av landbruksvegar § 2-1 «ombygging av landbruksvei», godkjenner Alver kommune at Jan Rune Fjellsende gjennomfører ei mindre endring av vegtrasé i høve det som vart godkjent 16.03.2020. Godkjenninga er tufta på det som går fram av saksutgreiinga nedanfor og gjeld på gnr. 490, bnr. 1.
Utover dette står vedtaket av 2020 ved lag.

Saka gjeld

Søkjar, Jan Rune Fjellsende kontakta Alver kommune i veke 45 om endring i traséen i høve det som var godkjent 16.03.2020. Vegen vart i si tid godkjent som vegklasse 4.



Fig. 1. Midtparti veg godkjent 16.03.2020 syner med stripla line.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

VURDERING:

Endringa av traséen gjeld i eit område med forsering av ei bratt li over ei lengd på knappe 70 m – sjå fig. 1 førre side. Det ligg ikkje føre skrifteleg søknad i sette tilfellet. Mykje av vegen er bygd og fordelen med endring av veglina vart oppdaga under bygginga. Sjølve endringa vil gjelde vel 50m. Endringa vert gjort for å redusere skjeringa i lia. Det er tale om flytting av traséen 2-3 m ut frå fjellsida i høve den opphavelege planen. Endringa vil gje noko meir fylling. Det er utfordrande å få ei tilfredstillande stigning i lia og ned mot snuplassen sett i høve til den godkjente vegklassen. Alver kommune ser på dette som ei mindre planendring og har ikkje sendt saka på høyring. Kommunen har såleis ikkje føreteke ei ny vurdering av føringane i naturmangfaldslova §§ 8-12 jf. § 7.

Vedtaket av 16.03.2020 og vilkåra knytt til det, står elles ved lag.

Kort om vidareføring av vegen

I samband med tankar om vidareføring av vegen, vart det sett på ulike løysingar med tanke på uttak av skogen mot/på Bjørnaråsen.

Om vegen skal forlengast, må tiltakshavar sende inn ny søknad på det. I forkant av dette var det semje om at tiltakshavar kontaktar nabobruk (bnr. 2 og 5) med tanke på samarbeid om uttak skog på bnr. 5. Vegen må då gå over bnr. 2 som ligg mellom bnr. 1, 3 og 5. (bnr. 3 er på same eigarhand som bnr. 1)

Regelverk

- Forskrift om planlegging og bygging av landbruksvegar.
- Normaler for landbrukveier – med byggebeskrivelse
- Forvaltningslova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjenvært.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «20/3130»

Med venleg helsing

Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jan Rune Fjellsende
Joar Andersen Fjellsende

Sæbøvegen 436 5938 SÆBØVÅGEN
Sæbøvegen 436 5938 Sæbøvågen